

MASFJORDEN KOMMUNE  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

**Dykkar ref.:**

**Vår ref.:**

2023/6809 - 49589/2023

**Sakshandsamar:**

Merete Eide Hernes

**Dato:**

28.04.2023

## **Informasjon om oppstart av PLO innleggingsrapport som fyrste melding**

Visar til tidlegare sendt informasjon om arbeid med innleggingsrapport som fyrste melding og innføring av ny mal i innleggingsrapporten.

Ny teknisk løysing for at innleggingsrapport kan sendast som fyrste melding til sjukehuset inntil 24 timar før ein pasient vert innlagt er no på plass og vert tatt i bruk frå 08. mai 2023 i heile Helse Vest. «Vel heim»-prosjektet vil sende eigen informasjon om dette ut til kommunane, men sidan den tekniske løysinga no er på plass, ønskjer me at ein samtidig tar i bruk ny mal i innleggingsrapporten.

Det er ikkje lenge til 08. mai, og me har forståing for at det kan ta litt tid å informere ut om dette til alle medarbeidarar, samt få implementert ny mal i journalsystemet. Me håpar likevel at alle kan ha dette på plass innan utgangen av mai.

Vedlagt er eit informasjonsskriv som me ber alle kommunane sende ut til alle aktuelle medarbeidarar i helse- og omsorgstenesta slik at dei bli merksame på både den nye moglegheita for å sende innleggingsrapport som fyrste melding OG den nye malen. Vi håpar også at kvar kommune kan lage ein nyheitssak om dette på eigne intranettsider, gjerne med utgangspunkt i teksten som står i informasjonsskrivet.

Arbeidsgruppa har også laga undervisningsmateriell i power-point for kvart journalsystem som kan brukast til å informere dei tilsette, samt ein vegleiar for korleis systemansvarleg i kommunen kan implementere ny mal i aktuelt journalsystem. Både undervisningsmateriell og vegleiar er vedlagt. Etersom me ikkje har informasjon om kva journalsystem kvar enkelt kommune brukar, leggast alt ved her, og så kan ein plukke ut det som er aktuelt for eigen kommune.

Vi håper og trur at moglegheita for å sende innleggingsrapport som fyrste melding og ein forbetring av innhaldet i den vil bidra til at helsepersonell får relevant og naudsynt så tidleg som mogleg i pasientforløpet, og dermed bidra til å auke pasienttryggleiken. God informasjon inn til sjukehuset vil også kunne gi betre informasjon ut frå sjukehuset, og vi håper at alle kommunane vil legge til rette for å ta dette i bruk så raskt som mogleg.

Ta gjerne kontakt med underteikna dersom det er noko som er uklart eller du har spørsmål.

På vegne av arbeidsgruppa «Innleggingsrapport som fyrste melding»,

Beste helsing frå

Merete Eide Hernes

Leiar av arbeidsgruppa «Innleggingsrapport som fyrste melding»

Rådgjevar / Seksjon for samhandling

Helse Bergen HF

E-post: merete.eide.hernes@helse-bergen.no

Tlf. 92210253

Dokumentet er elektronisk godkjent

#### **Digital kommunikasjon**

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

Randi-Luise Møgster  
Grete Lill Hjartnes  
BERGEN KOMMUNE  
ASKØY KOMMUNE  
BJØRNAFJORDEN KOMMUNE  
MODALEN KOMMUNE  
OSTERØY KOMMUNE  
ULVIK HERAD  
MASFJORDEN KOMMUNE  
KVAM HERAD  
VAKSDAL KOMMUNE  
ALVER KOMMUNE  
EIDFJORD KOMMUNE  
FEDJE KOMMUNE  
VOSS HERAD  
ØYGARDEN KOMMUNE  
AUSTRHEIM KOMMUNE  
GULEN KOMMUNE  
AUSTEVOLL KOMMUNE  
SAMNANGER KOMMUNE